

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Eid i Nordfjord.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Eid og Stårheim og delvis Davik.

Oppskr. av: O. Skipenes.

Gard:

(adresse): Nordfjordeid

G.nr. 10

Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg sjølv veit og har røynt og mykje etør far min.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Far var gardbrukar og fanejun-
ker.

SVAR

Høytransport.

Brattlendte bruk på strandsider let for ei 30 år sidan øykene gå på fjellbeite heile sumaren. Dei la turrhøyet i ryggja=byrdet og bar det i hus. Tok dei nett då til å bruka løypestreng så letta det arbeidet når dei på den måten kunne få høyet like inn i låvedøra eller til turkeplassen i hes dersom det var rauhøy.

Litt med kvart fekk ymse bruk betre gardsvegar, stundom mes litt kommunalt tilskot, og no går ingen øyk fri på fjellet sumarstid.

Etter di det for 100 år sidan var lite nydyrking og difor helet lita høyavling mot no, slo dei utmarka både plassmenn og gardbrukarar, dei fyrste mest, for dei hadde best tid og strev=det dei kunne for å få, nok for til eit par kyr og ei 4-5 smale=krøter. Etter nydyrkinga tok til, intensiveringa i jordbruket auka og kunstgjødselbruket auka på, vart det heilt slutt med utmarkeslåtte. Men høylødene står der, ~~gna~~ torvtekte, verslitne, grå og glisne. I 15 år har dei venta på ungt folk til slått og høyturking, men ingen kom.

2. På flatlendt utmarkeslått har mange brukt hest og høysle=de til å få høyet åt turkeplass og høyløde (høylade vert det sagt her i Eid), endå om dei vel kunne bera mang ei byrd. På vinter=føre kørde dei det heim.

I 1880=åra tok amerikafeberen så mang ein plassmann, dei for sin veg etter bygsla var oppeagde, og dei gamle utmarksteig=ane deira vart ~~dei~~temark, så vi har berre namna på dei att, t.d. Sima=teigen, Hesjehamrane o.s.b. Men utmarkeslått dreiv gard=brukarane med framleies, ja her fanst også dei som kjøpte seg slått i annan mans utmark.

3. Der det var bratt, sloa dei høyet til køyrings eller innlasting på båt. Kravde terrenget det, så kunne dei bruka høy=meisar, dei meisa høyet og let det rulla nedetter. - Ei høymeis kunne vera av hamp, dei eldre av vidjeband. Meisa hadde og har stort band, store mauskar, gjerne 1 1/2 dm. og det høyrer mykje enøre, grant tog, til så ein kan draga kantskota litt imot kvaran dre. - I Davik meisar dei endå høyet der det er skogsslått, su=me stader like til sjøs, der dei tek det på båt.

På mange stader der det er bratt heimebø som endå ikkje er lagt ut til kulturbeite, sloar ein endå høyet til køyrings eller hesjings. Det heiter ein sloge, ein sløgjer høyet, i begge ord mjuk g. Ein kan leggja ei buske i bakken, kanskje ei på

3-4 meter, med toppen øvst. Så legg ein høylang på høylang frå tjukkenden og att og opp over, såleis må det vera i bratte bakken elles ligg det ikkje. Er det svært bratt, så går droga, slogen, så lett at lø-12 åringer har moro av å draga, endå om det kan vera ei 150 kg høy på. Det er bra ein får sløgja høyet når det er så bratt at det er vondt å ta med seg ryggjabyrd nedetter.

Vil ein bera høyet heime eller i utmarka, så nyttar ein byrdatog, lagt dobbelt, parallelt på marka attover, 60 - 80 sm mellom kvar part. Har ein då lagt nok høy opp på, tek ein dei lause togendar i attarste bukta der hogda er og dreg saman. Same endane legg ein framover høgre eller vinstre herd, der ein sit i bakken med ryggen mot byrda. Ho er helst så tung at ein må ha hjelp attanfor til å lyfta henne opp så ein kjem på føter.

Skulle så vera at ein ikkje har teke byrdatog med til høyteigem, kan ein likevel laga seg ei ryggjabyrd når ein berre har ei pasande buske, ikkje eingong halparten så stor som slogebuska må ho vera, men bra mjuk og bøygeleg. - I høve av pålessing no, lyt busketoppen liggja nedst i bakken og tjukkenden opp. Skal byrda på ryggen, må ein setja seg ned ved toppen og ta han, tolleg fri for høy som han må vera, framover den eine herda. Ein hjelpesmann bøyger så framover hin busketoppen så ein har begge to i nevane. - Buskebyrd vil ein elles ikkje bera så svært langt.

4. Køyredoningane i slåtten vert etter som bruka og bøen er til. I brattlende brukar ein hest og slede, ein slede med påspikra bord, ~~vedaslede~~ vedaslede. Der dei har mykje sledetransport, nyttar dei ein omframt høyslede med ei lita fast grind(keip) bak. - Alle bruk har tohhjuls høyvogner, etter gamalt med fast grind bak, no ofte med 4 lause grindar vogna ikring. Siste lo=året har fleire og fleire fått seg 4=hjuls høyvogner, sume med gummihjul. -

Gamle folk i sume grender har før kalla 2=hjuls høyvogner for hjul=~~høys~~ledar, då ikkje i siste mannsalder. Denne nemninga har ein kanskje frå langt attende, då sume bruk for fyrste gong kunne nytta køyredoning med hjul under i staden for å ha sleden støtt. (Stokkehjul).

Dei siste åra har mange teke til å sko både høy- og vedasledane sine til vinterføret. Men brukar ein sledane sumarstid, vil ein ha dei uskodde av di jarn eller stålskoning bit seg fast i stein og grusveg meir enn berre tremeiane. Sakte slitst meiane snart på berg og stein og grus, men det er snart gjort å leggja drag under dei.


Ved mangt eit jordskifte har det vorte sagt føre kvar og når ~~grannar~~ grannar hadde lov å køyra over bøen åt einannan. Heiter det t.d. - " på vinterføre frå 1. november til 1. april --- ", då skynar ein det slik at det er berre slede ein har rett til å bruka.

Turhøylassa har ofte ulik storleik på dei ymse bruk, ei bratt køyrebru(i Eid latropp) og ei heller lita dør i ei eldre lode (i Eid lade) er slikt ein må retta seg etter med lessinga, og kan då kanskje ha på berre godt og vel 200 kg når det er høy som ruvar, men ein køyrer no 400 og, truleg.

Før var det alltid eit vakse menneske som tok i mot høyet når det vart kasta opp på lasset, det måtte trakkast og jamnast godt. No ein brukar høygrindar, kan born klara arbeidet. Før kasta ein høyet opp med berre nevane, og strikt kunne det verta når lasset vart høgt. Men frå 1880 av tok ein til å bruka høyneipar (gaflar).

Har ein fått nok høy på lasset, må ein gyrda det (i Eid seier vi gjøra) med gyrda=tog og høytong. Tonga skal knipa og halda lasset ned ovanfrå. Ho kan vera som ei råme på 60-80 sm breidd og 2 1/2 m lengd, langstykkja av tynn bøygeleg materiale, t.d. furehun eller selja.

Vi gyrder eit høylasse, eit vedalasse og eit plankelasse, ja vi gyrder i hop ei høybyrd. Gyrdatoget har då hovda, hogda, i den eine enden. Hogda har frå gamalt av vore laga av einegreiner, mjuke og bøygelege når ein fyrst la dei i kokande vatn. Hogda ser såleis ut:



eller såleis:



Su siste ofte til-
hogga uta i skogre

Tog og hogd saman kallr vi eit gyrde (jøre). Bukreima om hesten er bukgjord. Ein høyvisk(i Eid dott, vondel) så stor som eit matmål til ei ku, fekk ofte ein halm= eller høysnur ikring så han kunne halda saman, ei halmgjord.

Ein ville aldri leggja høy etter seg på vollen, etter lasset eller langs vegen der det kunne drysja ned når ein kørde. " Drag riva etter dykk, born! " sa ei gamal bestemor så ofte når ein med riva i hand gjekk vegen heim til måls. Kvart eit strå måtte i hus.- Vart siste turhøylasset ein kørde inn, i minste laget så sa ein: " Det vert meir høy til neste år."

Skulle ein køyra heim sæterhøy eller markahøy vinterstid, passa ein på når myrar og vatn var frosne og det var høveleg med snø. Fleire grannar tok samstundes^{ut} i grålysninga, og hadde nistemå med seg om vegen var så lang at ein gjorde berre ei vend for dagen. Var det brøyting i høg snø, kom det vel med at ein kunne skifta på å vera fyrst, ei god lette for dei som kom etter. Vart vegen så bra farbar, kørde dei seinare meir einskildvis etter som dei hadde høve til det. Køysleveg for høy og gjerne og for skogsvyrke brenneved og anna, no vel opparbeidd, gav høve til å ta store lass med seg. Hestane går alltid einskildvis, aldri i tvidrag. Det siste berre når det er pløging og horving i tung åker. Ja til tung plognad i myr hender det og at ein lyt bruka 3 øyker om så er at traktoren ikkje har teke plassen for øyken.